



ULVIK HERAD UTVIKLING

Reglement for bruk av internett i Ulvik folkebibliotek

I biblioteket har publikum tilgang på internett. Bruken er regulert etter vedtak i Hovudutval for utvikling 16.oktober 1997.

1. Biblioteket er ikkje ansvarleg for innhaldet på internett.
2. Biblioteket har Biblioteklova §1 som retningsline for tilbodet sitt.
3. Føresette er ansvarleg for born under 16 år sin bruk av internett i biblioteket.
4. Biblioteket åtvarar om at noko av materialet på internett kan verke støytande.
5. Brukarane kan nytte internett i biblioteket si opningstid. Dei registrerer seg når dei set seg ved maskina, dvs. me skriv ned namn og tidspunkt. Ein kan sitja i 30 minuttar i strekk. Om ikkje annan brukar ventar, kan ein sitje lengre.
6. Utskrift kostar ei krone arket. Utskrift skal likevel vere gratis for skuleelevar t.o.m. vdg.skule når dei tek ut stoff ei treng til skulearbeidet. Offentleg informasjon kan skrivast ut gratis når biblioteket ikkje har det same i trykt form. Større utskrifter, av til dømes NOUar kan gjerast, men utskrifta tilhøyrer biblioteket og må lånast på vanleg vis, om ikkje lånaren betalar for utskrifta.
7. Det er forbode å laste ned eller sjå på pornografisk eller nynazistisk materiale.
8. Det er ikkje lov å laste ned og installere program på biblioteket sine internettmaskiner. Filar må lastast ned på diskett. På grunn av faren for virus må ein nytte diskettar kjøpt på biblioteket.
9. Det er ikkje høve til å nytte egne e-post adresser på biblioteket sine internettmaskiner. Ein kan nytte Hotmail sin web-basert e-post (<http://www.hotmail.com>).
10. Brot på norsk lov under nytte av internettmaskinane vil lede til at brukaren vert vist bort. Han vil miste retten til å nytte internett på biblioteket.